

Søknad om kommunalt tilskot til vidareutvikling av Prosjekt Glade bønder

Styringsgruppa for Glade Bønder søker kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Meland, Modalen, Masfjorden og Radøy tilskot på kr. 7500 p.r. kommune, til vidareutvikling av prosjekt Glade bønder.

Prosjektet har i januar 2014 fått løyvd kr. 75 000 frå fylkesmannen, landbruksavdelinga på vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, m.a. med tilskotsmidlar frå kommunane.

Bakgrunn

GLADE BØNDER – er eit prosjekt med visjon om å skapa glød og begeistring for landbruket i Nordhordland som starta opp hausten 2010. Målgruppa er unge/nye bønder og andre som ynskjer eit fagleg og sosialt nettverk i landbruket.

Prosjektet har vore finansiert gjennom tilskot frå Prosjektet ”Unge, bygda og landbruket”. eit rekrutteringsprosjekt i regi av Fylkesmannen si Landbruksavdeling med eit tilskot på kr. 150 000,-, tilskot frå kommunane i regionen og frå Noregs bygdeungdomslag. Meland kommunen har hatt ansvaret for økonomistyring av prosjektet, og Liv Hopland van der Kooij har vore prosjektleiar.

Styringsgruppa består av ein ung/ny bonde frå kvar av deltakarkommunane, med unntak av Austrheim, som i første fase valde ikkje å støtta prosjektet med midlar, men som me no vonar vil vera med. Prosjektperioden har vore frå 2010-2013, og ein ynskjer i 2014 og 2015 å vidareutvikla prosjektet.

Prosjektet

Prosjektet har ”*positivt engasjement, yrkesstoltheit og inkluderande miljø*”, som viktige verdiar, og hovudmålgruppa er unge og nye bønder frå alle kommunane i regionen. Kurs og møter er opne for alle som ynskjer å delta. Landbruk og bondeyrket må forståast og definerast breitt og både tradisjonell drift og nye næringar må profilerast, verdsetjast og inkluderast.

Kjerneområda for arbeidet er delt i 4 aktivitetar:

- sosiale aktivitetar
- faglege aktivitetar
- synleggjering av landbruksnæringa
- rekruttering.

Ved desse aktivitetane vil ein oppnå auka rekruttering av nye folk som vil satse på eit yrke i tilknytning til garden, og dessutan vere med å bidra til at dei som alt har teke til som bønder vel å halde fram i næringa.

Kva har skjedd i perioden 2010-2013

Aktivitetar:

I 2011 vart det gjennomført 14 arrangement og det har til saman vore 238 deltakarar og tema varierte frå økonomi og HMS-kurs til inspirasjonsforedrag og permakultur

I 2012 var det arrangert 9 kurs og temakveldar med om lag 110 deltakarar. Særleg populært var nybegynnar kurs for sau.

I 2013 vart det lite aktivitet på hausten då ein ikkje hadde fått på plass finansiering vidare. Det vart arrangert 5 kurs, og 1 temsamling med god oppslutning av deltakarar.

Informasjon

- Facebookgruppa til glade bønder har kome opp i over 500 «medlemer». Informasjon om kurs og møter vert lagt ut her, og i tillegg formidlar ein kurs og konferansar som andre arrangerer. Sidene fungerer som diskusjonsforum, kunnskapsformidling og bytte/sal av landbruksting.
- Presseomtale

Det har vore ei rekke oppslag i lokalavisene i samband med ulike arrangement og møte, og i tillegg er det vore redaksjonelle saker om enkeltpersonar ofte etter tips frå prosjektet. Prosjektet er etter kvart godt kjent i regionen og me merkar og tilstrømming av folk frå Bergen, Osterøy, Kvam, Voss, Sotra og Askøy som har fått kjennskap til Glade bønder. Me har og hatt deltakarar frå andre kantar av landet.

Det har vore interessant å sjå at på kvart kurs eller samling dukkar det opp nye fjes som ingen av oss har sett før. Dette tyder på at me har klart å mobilisera ei gruppe som ikkje har vågd seg inn i dei tradisjonelle landbrukskretsane enno, og mange av dei uttrykkjer begeistring over å ha fått ein møteplass med likesinna.

Samarbeid/nettverk

Det har vore samarbeid med Hordaland Bondelag, lokale bondelag, Kvinnoasjon, Landbrukshelsa, Team Nordhordland, Norsk landbruksrådgiving, Nordhordland Næringshage, God jord, Regionrådet i Nordhordland, kommunane mfl. Me erfarer at fleire av desse organisasjonane rekrutterer nye medlemar gjennom at dei har fått presentert seg for nye «brukargrupper» gjennom oss.

Det har vore jobba med å få til eit godt samarbeid med andre aktørar som kan ha felles interesse for å setja i gang kurs eller temakvelder. Dette har ein i stor grad lukkast med, og ein opplever det som positivt at det har bidrege til å setja fokus på landbruket som ein viktig del av arbeid med næringsutvikling. Har t.d. brukt kursopplegget Økonomi-Illustrator, som vert tilbydd til etablerarar for å læra økonomistyring i eiga bedrift, til nye bønder med godt resultat. Dette med hjelp frå etablerarrettileiarane i regionen.

Ein har i mindre grad lukkast med å etablera samarbeid med nokre av dei lokale landbruksorganisasjonane, men det vert arbeidd med dette kontinuerleg.

Me ser at det skjer ein del nettverksbygging på arrangementa våre ved at deltakarar ser høve for samarbeid eller til å møtast for fagleg og sosialt samvær. Det spirar og ein del i høve til næringsutvikling. Det har vore investert alt frå nokre tusenlappar til seks millionar i utvikling av garden. Mange av deltakarane har idear/planar for vidare drift. Noko av det me er stolte av er at me har nådd ut til så mange ungdommar og at dei har fått eit nettverk på tvers av kommunegrensene som dei truleg ikkje hadde fått utan oss.

Vegen vidare

Varig organisasjon/nettverk

Me føler at me har lukkast bra med mobilisering og synleggjering av prosjektet, men dette er ting som har tatt tid. Me har lyst til å arbeida vidare med å hausta fruktene av dette arbeidet, og følgja opp den entusiasmen som mange av deltakarane gir uttrykk for. Eit av måla er å etablere ein meir varig organisasjon som kan stå på egne bein, korleis me kan/skal løysa dette er ein av fleire ting me har lyst å jobba meir med.

Kompetansebygging

Me opplever at dei nye bøndene har stor trong for faglege kurs innan det tradisjonelle landbruket både når det gjeldt husdyrbruk, agronomi og økonomi. Me vil og vera ein pådrivar for å få auka kompetanse i næringa. Dette vil me gjera i samarbeid med gode kursarrangørar som Norsk landbruksrådgjeving, bondelaget mfl. Kunnskap er den viktigaste innovasjonsfaktoren ein har, og satsing på auka kunnskap/kompetanse er utruleg viktig for framtida til landbruket.

Profilering:

Det at me har arbeid aktivt overfor lokalavisene trur me har bidrege til å nyansera bilde av eit deppa og nedleggingstrua landbruk til at landbruket er ein stad med muligheiter. Samstundes er det ein lang veg å gå når ein skal endra folk sine oppfatningar og me trur at det er naudsynt at me framleis har høg fokus på å fortelja dei gode historiane.

Inspirasjonskveldane som har vore arrangert opplever me som veldig populære. Mange bønder har ein einsam kvardag og gjev uttrykk for at det er kjekt å møtast og å høyra på gode foredragshaldarar. Påfyll er alltid viktig.

Dette er eit regionalt prosjekt, med 7 kommunar som satsingsområde.

Småskala næringsutvikling

Nordhordland har eit potensiale for småskala næringsutvikling knytt til landbruket, og det er mange gode krefter i gang for å arbeida meir systematisk og langvarig med dette. Glade bønder har mange potensielle gründerar i sitt nettverk og vil gjerne vera med å bidra i dette arbeidet framover.

Konklusjon

Målet har heile tida våre at når prosjektperioden er over har ein makta å etablere ein møteplass for landbruket i regionen som kan stå på egne bein, og som kan vere med å skape positive ringverknader på lang sikt. Ved å bygge opp under dei som har lyst til å satse på eit yrke i landbruket, bygger ein opp under bruken av dei langsiktige ressursane i regionen. Olja tek slutt, men jord og skog er evigvarande ressursar som er grunnlag for godt liv og god helse for dei som bur i regionen både no og i framtida.

Me har det meste av det me treng til å få dette til, utanom pengar. Vonar difor det kan vera moglegheit for å få ei løyving til prosjektet.

Glade bønder

Budsjett 2014- 2015

Prosjektleiar	50 000
Servering	20 000
Annonse	11 000
Kursholdar	10 000
Reiser	4 000
Diverse utgifter	15 000
	110 000

Inntekter

Tilskot fylkesmannen	75 000
tilskot kommunar*	25 000
Kursavgift	10 000
	110 000

Meland kommune har ansvar for økonomiføring i prosjektet. Dersom det vert løyvd tilskot er adr.

Meland kommune

P.b 79

5906 Frekhaug

Kontonr: 1503 18 83722

merk overføring med objektkode 60302 – Glade bønder.

Kontakt Laila Bjørge ved spørsmål

Tlf 56171185 el epost:

laila.bjorge@meland.kommune.no

*sidan me ikkje veit om alle kommunane vil støtta prosjektet søkjer me om kr 7500 frå kvar

Me vil og nytta høve til å takka for dei midlane som me har fått frå kommunen, utan dei ville ikkje prosjektet kunne latt seg gjennomføra.

Planar for våren 2014

Grøftkurs, Kurs i gjerdehold, Villsaukurs-hold vurdering, Lyngsviing, Økonomikurs - val av foretaksform, småskala bedrift m.m., lokalmat satsing samarbeid med fleire.

Med helsing

Styringsgruppa for Prosjekt Glade bønder

Erlend Bjørnevoll- mjølkebonde i Lindås kommune

Anja Broch– hestesenter og sau i Radøy kommune

Wencke Pettersen -sau og eggprodusent i Meland kommune

Inge Farestveit –sau og eggprodusent i Modalen kommune

Finn Midtbø -sau- og geitebonde i Masfjorden kommune

Landbruksforvaltninga i Meland- Laila Bjørge - hjelpar

Landbruksforvaltninga i Austrheim, Fedje og Radøy: Øyvind Hatleli -hjelpar

Prosjektleiar: Liv Hopland van der Kooij - epost: <livhopland@yahoo.no>- mob.91532450